

Sak 15-25 SAMARBEID I REGIONRÅDET

Bakgrunn:

I Regionrådet sitt marsmøte brukar ein å sette av tid til å vurdere oss sjølv. Korleis har me det Saman, korleis samarbeider me, kva styrker og moglegheiter har me i samarbeidet vårt og kva er det som ikkje er så bra eller som trugar samarbeidet.

I mars 2024, for eit år sidan vart temaet drøfta og den gong svarte me slik:

Kva som er Hallingdal sin styrke og kva moglegheiter gir det?

Kva er bra?

- Godt etablert samarbeid og godt fagleg og politisk fellesskap
- Det regionale samarbeidet er godt forankra – det er ei styrke at me MÅ samarbeide
- Naturleg geografisk område og identitet
- Står godt saman mot ytre «krefter»
- Seks små kommunar med like utfordringar - ingen storebror
- Godt omdømme – sterk merkevare
- Godt vertskap

Moglegheiter

- Me toler å ta diskusjonar intern i regionen - diskutere dei vanskelege sakene i fredstid.
- Kommunane kan seie ifrå eller varsle tidleg om nye initiativ
- Ordførarane kan dele seg på ulike oppgåver og dele erfaringar frå ulike posisjonar
- Kommunane kan bli flinkare til å dele kompetanse, digitale ressursar
- Mogeleg å samarbeide innanfor musikk og kulturområde, beredskap, rekruttering, om å få folk i arbeid
- Om me skal fortsette å utvikle oss, må me vera tydelegare på å fordele kor ulike funksjonar er lokalisert. Offentlege funksjoner kan ein planlegge for, verre å styre privat
- Bli betre på å praktisere at me er ein bu, arbeids og utdanningsregion
- Kan bli betre på kommunikasjon

Kva er største svakheit, risiko eller trugsmål for det regionale samarbeidet

- Konkurransen om arbeidskrafta
- At me vil for mykje. Bør me spisse oss?
- At ein ikkje kjenner Hallingdal si historie godt nok, bakgrunnen for fordelinga av tenester i Hallingdal. Manglar kompetanse om kva som heldt oss saman
- Aukande forskjell i økonomi mellom kommunar
- Mangel på ressursar, me blir kannibalar på kvarandre, som ein kunne ha løyst om ein gjekk inn eit samarbeid.
- At det er lett å unngå å prate om det som er litt vanskeleg
- Det regionale helsesamarbeidet lagar krøll mellom kommunar og i hele regionen – lege, legevakt, helse-tenester
- Kostnader i interkommunale tiltak aukar meir enn i kommunane
- Tillit og rausheit i praksis?
- Balanse mellom det tradisjonelle og det nyskapande

I tillegg var samarbeid tema på Hallingtinget i oktober. Den gongen drøfta deltakarane på tinget spørsmåla i distriktssenteret sin samarbeidstest for å få ein peikepinn på korleis det står til med det regionale samarbeidet. Ein skulle og sette ein score på spørsmåla med score 1 om ein er heilt er heilt ueinig, 2 er i stor grad ueinig osb. opp til score 6 som er heilt einig. Her er spørsmåla som vart drøfta:

1. Det regionale samarbeid er prega av god tillit mellom dei sentrale aktørane
2. Leiarane i Hallingdal har evne og vilje til å utnytte potensialet i hele regionen
3. Det regionale samarbeidet er godt nok forankra
4. Me er alle einige om dei felles utfordringane som ligg til grunn for samarbeidet
5. Partane i samarbeidet har same målforståing
6. Alle dei viktige aktørane er med i det regionale samarbeidet
7. Det regionale samarbeidet har lukkast med å få fram nytten for næringslivet
8. Me er dyktige på å følge opp regionale planar
9. I samarbeidet er me gode til raskt å utnytte dei moglegheitene som dukkar opp
10. Vårt regionale samarbeid er driven av begeistring og entusiasme

Her er svar pr. gruppe og totalscore

	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	totalt
Hol	4,5	4	5	3	5	5	4	5	6	5	46,5
Ål	4	5	5	4	5	6	4	4	6	5	48
Gol	4	4	5	5	4	6	4	5	5	4	46
Hemsedal	4	4	5	5	4	3	4	3	5	4	41
Nesbyen	3	2	4	3	2	5	3	2	5	2	31
Flå	6	3	3,5	6	3	6	5	3,5	4	3	43
tot	25,5	22	27,5	26	23	31	24	22,5	31	23	255,5
Snitt	4,3	3,7	4,6	4,3	3,8	5,2	4,0	3,8	5,2	3,8	42,6

I referatet frå Hallingtinget stod det: Det er umogeleg å slå fast korleis det regionale samarbeidet er ut frå dette, men gir nokre tendensar og eit grunnlag som kan jobbast vidare med.

Forslag til Drøfting:

- Kva er bra i samarbeidet
- Kva moglegheiter har me
- Kva er vanskeleg i samarbeidet
- Kva skal me gjera mindre av
- Skal me jobbe vidare med samarbeidstesten og ev korleis skal me jobbe for å betre scoren

Forslag til gjennomføring:

Me deler oss i starten slik at ordførarane sit samla og kommunedirektørar sit samla. Drøfting i gruppene. Deretter samling i plenum med presentasjonar/vidare drøftingar og litt handfaste konklusjonar om kva veg me ønskjer å utvikla oss

Hallingdal, 15. mars 2025

Jan Olav Helling
Dagleg leiar